Legland har gått av

13.11.2011

Elin Legland har gåttt av. Her er ho vert ffor statsråd Ola Borten Moe saman med Knut Prestnes, som har gått ut av partiet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har hatt 3 partileiarar, no har bygda 2. Elin Legland har etter 4 år gått av i Senterpartiet under årsmøtet sist veke og Leiv Guddal har teke over. Gunn Mari Moberg er framleis leiar i Høgre og Kristian Olav Bringedal i Venstre.

Dei siste vekene har Sp hatt ein kraftig auke i medlemstalet og årsmøtet hadde større deltaking enn vanleg.

Partiet har hatt viktige funksjonar dei siste 4 åra, men dette har etter valet endra seg i negativ lei, mykje på grunn av den opprivinga som partiet vart utsett for, konstaterer partiet i ei pressemelding.

Men trass i dette var det stor optimisme på årsmøtet.
No ønskjer partiet i arbeide med styrking av posisjonen sin med mellom anna byggjing av gode relasjonar internt og med andre parti.

Av Ola Matti Mathisen